



## RS - sak

Dato: 27.05.2015  
Arkivsak: 2015/5427-1  
Saksbehandlar: bjomidt

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

## Elbilpasseringar og bompengainntekter – versjon 2

### Bakgrunn

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 18.juni 2015 er det teke inn følgjande:

*«I samband med RS 97/15 "Svar på spørsmål om elbilar og bompengainntekter" sette Mona Hellesnes på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:*

*"Ber om at oversikten over estimert tap av bompengar grunna elbil blir lagt fram på nytt med informasjon om samla bompengainntekter pr. samband og at det framgår at det er tal elbilpasseringar, ikkje tal elbilar som inngår i oversikten."*

*Hellesnes sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.»*

På bakgrunn av denne førespurnaden legg fylkesrådmannen fram ein oppdatert versjon av melding RS 97/15. Det er no teke omsyn til ønska som vart framsett i fylkesutvalet.

### Spørsmål

Inge Reidar Kallevåg (H) spurde i møte i fylkesutvalet 23.4.2015 om det er kartlagt eventuelle sviktande inntekter for bompengeselskapa i Hordaland på grunn av auken i talet på elbilar. Fylkesdirektøren for samferdsel svara at han vil leggja fram oversikt i eit seinare møte.

### Estimert bompengetap grunna elbil

Bompengar vert innkrevd i bomstasjonar gjennom Autopass, og på nokre ferjer som ein del av ferjebilletten. Elbilar har fritak for å betala bompengar både i bomstasjonane og på ferjene. Samferdselsavdelinga har innhenta estimat frå driftselskapa Trøndelag Bomvegselskap AS og BT Signaal AS på tapte bompengainntekter i bomstasjonane. I tillegg har ein rekna på tapte bompengainntekter på dei aktuelle ferjestrekningane.

År 2014	Elbilpasseringar	Tapte inntekter i kr., etter 20% uttrekk (sjå "Om berekninga" nedanfor)	Bompengainntekter*
<b>Drifta av BT Signaal AS:</b>			
Bomringen i Bergen	952 919	20 011 297	765 000 000
Osterøybrua	29 226	1 232 151	53 300 000
Askøypakken (berre nov. og des.)	34 770	657 162	17 100 000
Kvammapakken	6 736	173 783	30 200 000
Vossapakko	15 837	408 583	86 500 000
Åkrafjordtunnelen	1 010	26 048	23 400 000
Folgefonntunnelen	2 978	128 669	16 500 000
Jondalstunnelen	2 060	123 583	12 800 000
Halsnøysambandet	29 180	1 984 240	21 000 000
<b>Drifta av Trøndelag Bomvegselskap AS:</b>			
Hardangerbrua	9 957	1 049 682	90 000 000
Bømlopakken	61 609	1 960 713	47 700 000
<b>Drifta av Norled**</b>			
Årsnes- Gjermundshamn - Varaldsøy	1 823	22 459	5 000 000
Langevåg - Buavåg (til Bømlopakken)	470	6 054	I tala til Bømlopakken
<b>Drifta av FosenNamsos Sjø AS***</b>			
Hufthamar - Krokeide	19989	606 866	17 300 000
Husavik - Sandvikvåg	2789	84 674	
<b>Drifta av Fjord1 AS</b>			
Halhjem - Sandvikvåg	13063	177 657	25 200 000
SUM:	1 184 416	28 653 620	1 211 000 000
* Tal frå Årsmeldinga 2014, som vart handsama i fylkesutvalet 23.4.2015.			
** Føreset her at 60% nyttar Ferjekort som gjev 50% rabatt. - ein ny føresetnad lagt inn i høve til versjon 1 av meldinga.			
*** Føreset her at 85% nyttar Ferjekort som gjev 50% rabatt. - ein ny føresetnad lagt inn i høve til versjon 1 av meldinga.			

Sum «tapte» bompengainntekter i Hordaland grunna elbil var i 2014 omlag **29 mill.kr.** - basert på berekningsføresetnadane nedanfor. Dei «tapte» inntektene er størst i Bomringen i Bergen med omlag 20 mill.kr. i 2014. Deretter følgjer Bømlopakken og Halsnøysambandet med kvar omlag 2 mill.kr. Det samla årlege «bompengetapet» på ferjene er på omlag 0,9 mill.kr.

### Om berekninga

Det er nok ein del elbilreisande som reiser meir enn dei elles hadde gjort - så lenge det er gratis å passera bomstasjonane. Men det er uvisst kor mange færre elbilar som hadde passert bomstasjonane om det ikkje hadde vore betalingsfritak. BT Signaal AS har anslått dette til 20 %, men selskapet påpeikar at det kan godt vera meir eller mindre.

BT Signaal AS skriv at i rapporten for tapte inntekter for dei ulike fritakspasseringane, vil alle passeringar med elbil også inkludera passeringar der elbil kjem innanfor timesregelen. Fritak for elbilpasseringar har prioritet føre fritak for timesregel. For Bergen er det 18% av trafikken som får fritak for timesregelen. Denne prosenten er brukt til å rekna ut kor mange av elbilpasseringene som har fritak for timesregel. Desse passeringane er trekte ut, då dei eigentleg skulle koma inn under ein annan fritaksregel. For Askøypakken er det brukt 25% og for dei andre prosjekta med timesregel er det brukt 9%.

Dei fleste som har elbil ville nok mest sannsynleg hatt rabattavtalar med bompengeselskapa om det ikkje hadde vore fritak for elbilpasseringar, slik som dei fleste fossilbileigarane har. BT Signaal AS har derfor på grunnlag av dette estimert en snittpris som er lagt til grunn i berekninga.

Trøndelag Bomvegselskap AS har estimert inntektstapet ut frå tal passeringar for elbilar og gjennomsnittlege prisar for lette køyretøy med uttrekk av elbilar. Trøndelag Bomvegselskap AS har i oversendinga ikkje lagt inn trafikkreduksjon. Selskapet skriv at ein eventuell nedgang vil variera frå prosjekt til prosjekt, då nokre prosjekt har liten lokal trafikkandel medan andre har høg lokaltrafikk andel – og at prosjekt med liten lokaltrafikk vil nok ikkje få ein merkbar nedgang. Fylkesrådmannen finn det rimeleg at trafikknedgangen vil variera i høve til andelen lokaltrafikk og takstnivå. For samanlikninga si skuld, er det likevel i tabellen ovanfor lagt inn 20% reduksjon også for Hardangerbrua, Bømlopakken og på ferjene.